

Retningslinjer for kommunal støtte til byggesøknadar for lag og organisasjonar

1. Formål

Ordninga skal bidra til å redusere økonomiske barrierar for frivillige lag og organisasjonar på Bømlo som skal gjennomføre byggeprosjekt eller tiltak som krev byggesøknad. Støtta skal dekke heile eller delar av dei kommunale kostnadane knytt til byggesak.

2. Kven kan søkje

Registrerte lag og organisasjonar i Frivillighetsregisteret/Enhetsregisteret
Idrettslag tilknytt til NIF
Velforeiningar og andre lokale, allmennyttige samanslutningar som er registrerte

Det kan berre sendast inn ein søknad pr. prosjekt.

3. Kva kostnadar kan få støtte

Byggesaksgebyr
Kart og oppmålingsgebyr
Andre gebyr kommunen fakturerer som del av byggesøknadsprosessen

4. Krav til søknad

Tiltaket må vera starta opp eller ferdigstilt
Kopi av kommunal faktura eller dokumentasjon på venta gebyr
Stadfesting på eigarskap eller langsiktig bruksrett
Opplysningar om finansiering av sjølve byggeprosjektet

Ein har sjølv ansvar for å levera komplett søknad med lesbare vedlegg innan frist.

5. Prioritering

Ved tildeling blir det lagt vekt på:

- Prosjekt som legg til rette for idrett, kultur, ungdomsarbeid eller inkluderande møteplassar
- Tiltak som styrkar lokalt engasjement og frivillig aktivitet og har låg terskel for deltaking
- Er aktive og når mange i nærmiljøet
- Realistisk gjennomføring av prosjekt det blir søkt støtte til

6. Tildelingsnivå og rammer

- Ordninga dekker inntil kr 25 000 av dokumenterte kommunale kostnader knytt til byggesøknad
- Tilskot blir gitt innanfor tilgjengeleg rammer for året

7. Sakshandsaming

- Søknadsfrist er 1. oktober for 2026.
- Innkomne søknadar blir handsama administrativt. Søknader vil bli prioritert etter enkel rangeringsrekke.

Bømlo kommune gjer ei skjønnsvurdering basert på innsendt søknad og dokumentasjon innanfor fristen.

8. Vedtaket er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og kan ikkje påklagast.